
Code of Conduct for våre forretningsforbindelsar

Dette dokumentet er ei oppsummering av dei viktigaste forventingane til våre forretningsforbindelsar sin etiske standard.

Med forretningsforbindelsar inkluderer vi alle som Bremnes Seashore-konsernet gjer forretningar med, til dømes leverandørar, kundar og distributørar.

Leverandørar skal i tillegg følgje våre standardvilkår til kjøpsavtalen og kjenne til Bremnes Seashore-konsernet sin Code of Conduct.



Helsing frå konsernsjefen

I Bremnes Seashore-konsernet har vi ein visjon om å sette standarden for kvalitetslaks. Hos oss er det også viktig korleis vi skapar verdiar og resultat – ikkje berre verdiane og resultatata i seg sjølve. Gjennom dei fire etiske grunnprinsippa integritet, ansvar, openheit og medarbeidarskap skal vi leve opp til ein høg etisk standard – kvar dag.

Drifta vår skal alltid vere i tråd med menneskerettane, og vi har nulltoleranse for korrupsjon og økonomisk kriminalitet. Helse, miljø og tryggleik for våre tilsette er avgjerande for oss, og det same er omsynet til miljøet rundt oss og fiskehelsa.

Samfunnet har gitt oss eit sterkare ansvar også for leverandørkjeda, og det forpliktar å vere leverandør til Bremnes Seashore-konsernet. Vi ønsker å samarbeide med leverandørar som deler våre verdiar og etiske standard.



Olav Svendsen • Konsernsjef
Bremnes Seashore-konsernet

Våre etiske grunnprinsipp



Integritet

Tillit er noko vi gjer oss fortent til – kvar dag. Vi er opne, til å stole på og handlar med integritet og ein høg etisk standard. Vi tenker langsiktig, og unngår snarveggar for å nå måla til selskapet.



Openheit

Vi seier ifrå om vi oppdagar brot på selskapet sin etiske standard. Vi bidrar til ein open og lærande organisasjon, ved å spele inn våre forslag til forbetringar og melde frå om sikkerheitsobservasjonar og avvik.



Ansvar

Vi følger alltid lover, reglar og interne prosedyrar som gjeld for arbeidet vårt.



Medarbeidarskap

Vi viser godt medarbeidarskap ved å ta ansvar i arbeidsmiljøet og ved å ta opp etiske spørsmål i avdelinga.

Kva ligg til grunn for vår etiske standard?

Visjon - Kvar skal vi?

Vi set den nye globale standarden for kvalitetslaks

Styrande prinsipp -

Kva definerer vår suksess?



Verdiar - Kva skal vi leve opp til?



Etisk standard for våre forretningsforbindelsar

LOVER OG REGLAR

Det er viktig for oss at våre forretningsforbindelsar lever opp til ein høg etisk standard og alltid opptre i samsvar med alle lover og forskrifter som regulerer verksemda deira – både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Vi forventar vidare at leverandørane våre set seg inn i vår Code of Conduct, og at dei deler verdiane og den etiske standarden til Bremnes Seashore-konsernet.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHEIT

Helse, miljø og sikkerheit (HMS) har hovudprioritet i alle aktivitetane til Bremnes Seashore-konsernet. Vi bryr oss òg om HMS-standarden til våre forretningsforbindelsar. Det betyr mellom anna å sørge for eit sikkert og sunt arbeidsmiljø for sine tilsette.

MENNESKERETTAR OG ANSTENDIGE ARBEIDSFORHOLD

I Bremnes Seashore-konsernet respekterer vi menneskerettane. Vi forventar det same av våre forretningsforbindelsar, og krev difor at de følger internasjonalt anerkjende menneskerettsstandardar og sørger for anstendige arbeidsforhold. Dette inneber at de må:

- Ta avstand frå tvangsarbeid og støtte avskaffing av barnarbeid
- Utføre all aktivitet utan noko form for diskriminering basert på rase, etnisitet, nasjonalitet eller anna opphav, funksjonshemming, alder, kjønn, seksuell legning, språk eller religion
- Sørge for at løna og arbeidstida er i tråd med gjeldande lovgiving og industristandardar, og der arbeidstakarrettane blir ivaretekte
- Respektare ytringsfridomen og retten til organisering
- Kommunisere konstruktivt med representantar for lokalsamfunna der de har aktivitet
- Sette tilsvarende krav til dykkar underleverandørar

MILJØ OG FISKEVELFERD

Bremnes Seashore-konsernet støttar førevar-prinsippet for miljøutfordringar, og kartlegg systematisk korleis drifta vår påverkar miljøet. Vi arbeider for eit stadig lågare miljøavtrykk frå vår verksemd. Vi ønsker same praksis frå våre forretningsforbindelsar.

Der det kan vere aktuelt, skal våre leverandørar også bidra i konsernet sitt arbeid for betre fiskehelse.

ANTI-KORRUPSJON OG ØKONOMISK KRIMINALITET

I Bremnes Seashore-konsernet er vi opptekne av god forretningskikk, der vi heile tida skal opptre etisk og ansvarleg. På same vis forventar vi at leverandørane våre tar avstand frå uærlige eller korruperte forretningsaktivitetar. Dette inneber mellom anna:

- Nulltoleranse for alle former for korrupsjon, inkludert indirekte korrupsjon og påverknadshandel
- Nulltoleranse for bestikkingar av offentlege tenestepersonar
- Nulltoleranse for direkte eller indirekte kvitvasking av pengar frå kriminell verksemd
- At de støttar fri og rettferdig konkurranse gjennom forbod mot avtalar eller oppførsel som avgrensar rettferdig konkurranse

VÅR SAMHANDLING

Det er viktig for oss at all samhandling mellom Bremnes Seashore-konsernet og våre forretningsforbindelsar er ryddig og transparent. Dette betyr mellom anna at våre forretningsforbindelsar må vise varsemd med gaver til våre tilsette.


Forretningsforbindelsar må vere merksame på potensielle interessekonfliktar med våre tilsette, våre konkurrentar og offentlege tenestepersonar som er relevante for oppdraget.

I Bremnes Seashore-konsernet forventar vi medverknad og openheit i vår oppfølging av forretningsforbindelsar, og vi reknar med leverandørane si deltaking i oppfølginga av eventuelle brot på lover og reglar, vår etiske standard og avtalevilkåra.



Varsling av kritikkverdige forhold

Vi har oppretta ein varslingskanal for leverandørar, kundar, samarbeidspartnarar og andre interessentar, og forventar at våre forretningsforbindelsar melder frå om kritikkverdige forhold. Dette kan vere brot eller moglege brot på Bremnes Seashore-konsernets etiske standard eller gjeldande lovgiving.



EKSTERN VARSLINGSKANAL:

Skan QR koden eller [klikk her](#)

FULLSTENDIG CODE OF CONDUCT:

seashore.no/coc